

# Sal av næringsareal 105/405 på Kaupanger

Sogndal kommune syner til di interesse for næringsarealet med gnr. 105, bnr. 405 på Kaupanger. Det vert med dette starta ein prosess med å selje området. Endeleg sal skal godkjennast av kommunestyret, og målet er å fremje salet som sak til møtet den 6. mai.

I dette dokumentet vil Sogndal kommune gjere greie for korleis prosessen vert gjennomført:

1. Interessentar til området må beskrive fylgjande i skriftleg form, og sende til postmottaket til Sogndal kommune:
  - a. Korleis området er tenkt nytta (type aktivitet, opparbeiding, bygg osv.)
  - b. Kva arbeidsplass og verdiskapingspotensiale som er planlagt på kort og lenger sikt
  - c. Gjennomføringstid frå overdraging til området er teke i bruk. Om det er tenkt ein stegvis prosess, beskriv dette.
  - d. Forpliktande bod på heile arealet slik det ligg i dag.
2. Takst av området ligg ved, og gjev utfyllande informasjon om området. Beskrivinga må ta utgangspunkt i opplysningane i takstdokumentet.
3. Interessent har sjølv ansvar for at det er samsvar mellom skissert bruk og gjeldande reguleringsplan.
4. Sogndal kommune vil gjennomføre ei skjønsmessig vurdering av dei mottekne konseptbeskrivingane, basert på ei overordna vurdering av dei oppgjevne punkta a-d og dei overordna måla for kommunen i dette området.
5. Sogndal kommune vil nytte interne personar med kompetanse på næringsutvikling, plan og juss i vurderingsprosessen.

For spørsmål eller meir utfyllande informasjon, ta kontakt med tenesteleiar for nærings- og samfunnsutvikling Joakim Systaddal.